

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre

**Møtestad:** E-postbehandling

**Dato:** 07.07.2016

**Tidspunkt:**

## Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Iselin Jonassen	Nestleiar	
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	

## Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-		

## Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

## Merknader

Alle dei tre faste medlemmene gav tilslutnad til innstillinga i sak AU-13/2016, ved e-postmeldingar 07.07.16.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke gjennom e-postbehandling 7. juli 2016.

Ivar Kvalen (sign.)

Iselin Jonassen (sign.)

Bjarne Eiolf Holø (sign.)

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av helikopter for filmoptak for marknadsføring - Field Procuptions AS på oppdrag frå Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres		2016/4642

### **ST 13/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av helikopter for filmoptak for marknadsføring - Field Procuptions AS på oppdrag frå Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres**

#### **Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 07.07.2016**

#### **Vedtak**

Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. § 48 i naturmangfaldlova, Field Procuptions AS dispensasjon for lågtflyging i samband med filmoppdrag for Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for *ein* dag i tida mellom 22. august og 8. september 2016.
- Flyginga skal ikkje skje i på helgedagar, og det er positivt at søkjaren også er bevisst på at helikopter ikkje skal visast på det ferdige produktet.
- Område for lågtflyging er avgrensa til gule soner på vedlagt forvaltningsplankart.
- Det skal ikkje flygast under lågtflygingsgrensa på 300 meter over dei grønne sonene på forvaltningsplankartet.
- Ved lågtflyging skal det takast generelt omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- I området Storådalen-Gjendebu-Veslådalen skal det takst særleg omsyn dersom flyginga skjer før dyra der er samla for heimflytting frå beiteområdet.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt seinast dagen før gjennomføring (mob. 959 65 158 – e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)).

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Start og landing skjer utanom verneområdet, der kommunen må behandle søknaden som myndigheit etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.